



FITJAR

Det Kongelige Barne- og familiedepartem.  
Postboks 8036

330.00

1

0030 OSLO

200404169

- 311

Dykkar ref:

Vår ref:  
03/00637-3

Sakshandsamar:  
Gro Skare Lien,

Arkivkode:  
A10

Dato:  
10.01.2005

## Høringsuttale til ny barnehagelov

Fitjar kommune er positive til at lovutkastet inneber ei vesentleg forenkling av regelverket for å sikre høg kvalitet på tilbodet og samtidig mest mogeleg lokal utforming av kvalitetskrav.

Administrasjonen i Fitjar kommune gjev denne uttalen til høringsnotat om ny barnehagelov:


Ved ei eventuell overføring av det økonomiske ansvaret, frå øyremerka statleg driftstilskot til kommunalt rammetilskot, må overføringar i rammetilskotet ikkje differensierast mellom private og offentlege barnehagar, men på tal barnehageplassar.

Fitjar kommune meiner i høve til §18, leing, at alternativ B med krav til utdanning av leiar er naudsynt for å oppretthalde kvaliteten i barnehagen. Kommunen tykkjer det er positivt at det blir opna for at andre pedagogar kan leie barnehagen.

Til §19, øvrig personale: Dersom andre pedagogar enn førskulelærer skal leie barnehagen, er det naudsynt med førskulelærer som del av den øvrige bemanninga, og det bør ha same bemanningsnorm som i dag (alternativ A) slik at ein har ei minstenorm for å drive tilfredsstillande pedagogisk verksemd.

Det bør utformast ein lovtekst som gjev kommunane høve til å begrense barnehageutbygging, dersom det er mange barnehageplassar som ikkje blir nytta i eksisterande barnehagar.

Med helsing

  
Atle Tørnes  
Rådmann